



# DEN NORSKE KYRKJA

## Vang kyrkjelege fellesråd

---

### ÅRSMELDING FOR VANG KYRKJELEGE FELLESRÅD, 2025

#### **Kyrkjeleg fellesråd har bestått av:**

Høre sokn:

Silje Marie Olimb i perioden 01.01.25 – 11.06.25, Olav Dahl f.o.m 11.06.25 -

Sara Mathilda Franklin i perioden 01.01.25 – 23.09.25, Stein Inge Sæternes f.o.m 23.09.25 -

Heensåsen sokn: Solbjørg Kvålshaugen (nestleiar) og Unni Elisabeth Flaate

Vang sokn: Kristin Bakke Lajord (leiar) og Tor Erik Berge

Øye sokn: Aud Synnøve Kvale og Nils Torstein Hermundstad

Geistleg representant: Ingebjørg Vik Laugaland

Kommunal representant: Elisabeth Myhre

Sekretær: Silje Hammerstad, kyrkjeverje

- **Kyrkjeleg fellesråd** har hatt 5 møter og behandla 38 saker.
- **Statistikk.**
  - I kyrkjene vart det halde 64 gudstenester med i alt 2578 deltakarar.
  - Det var 13 døypte, 13 konfirmerte, 3 par vigde og 9 gravlagt i 2025.
  - Totalt på alle gudstenester og arrangement i regi av kyrkja har det vore innom heile 5261 deltakarar. Vedlagt ligg heilhetlig oversikt over statistikken for 2025.
- **Ressursar.**
  - Kyrkja i Vang består av 4,6 årsverk fordelt på 12 tilsette i 2025, samt sokneprest i 100% lønna av Hamar Bispedømme.
  - Me fekk iløpet av våren tilsett kontormedarbeidar i 80% stilling, samt kyrkjelydsarbeidar i 20% stilling. Nytilsett organist i 60% starta og opp i august.
- **Kontorlokale.**

I løpet av sommaren flytta kyrkjekontoret frå Klukkarhaugen til lokala i underetasjen på banken, då kommunen ynskja å nytte Klukkarhaugen til andre føremål. Prest, organist og kyrkjelydsarbeidar har primært tilhald på Drengestøga, som og blir nytta til ulike tiltak, som kyrkjestøge og større møter. Stabsmøta blir avholdt annakvar veke mellom dei to kontora, for å sikre godt samvirke undervegs.
- I tillegg til igangsetjing av nytilsette og flytting av kontorlokaler, har me og i løpet av hausten gått over til nye fagsystem på kyrkjekontoret, både når det gjeld administrasjon generelt og med omsyn til gravplassregisteret/gravplassforvaltninga.
- **Tilsette/arbeidsmiljø:**
  - 5 stk tilsette møtte på felles fagdag på Hamar 11.september.
  - Medarbeidersamtaler vart gjennomført i november.
  - Julemiddag for dei tilsette vart gjennomført 18.desember.
  - Bedriftshelsetenesten var og til stade på eit personalmøte, og hadde gjennomgang av psykososialt arbeidsmiljø.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Vang kyrkjelege fellesråd

---

- **Trusopplæring.** Kyrkja i Vang har eigen trusopplæringsplan fordelt på alle døypte mellom 0-18 år. Hamar Bispedømme yt eit tilskot som bidreg til dette føremålet. Her inngår t.d. lys vaken, tårnagentar, dåpsskule og babysong for å nemne nokre av tiltaka.
- **Opne kyrkjer:**
  - St Tomaskyrkja var open sundagane i juli frå kl 12-18, med vertskap til stades, unntake dei sundagane som det var gudsteneste.
  - Vang kyrkje var open på Verdensdagen for psykisk helse, 10.oktober
  - Vang kyrkje var open 2.juledag
  - Me har og hatt open kyrkje for pilegrimmar som er på vandring gjennom kommunen, ved to høve iløpet av sommaren.
- **Omvising:**

Begge stavkyrkjene var opne 4 dagar i veka i skuleferien, med vertskap til stade frå kl 11-17. Følgande besøkstal vart registrert i løpet av sesongen; 630 i Øye og 871 i Høre.
- **Kultur i kyrkjene.** Både eksterne og interne aktørar ynskjer å bruke kyrkjene til konsertar, særleg i desember. Alle desse arrangementa er godt besøkte. Me hadde og konsert om sommaren, både i Øye stavkyrkje og St.Tomas kyrkja.
- **Universell utforming.** Fire av kyrkjene har universelt utforma inngangsparti, tilpassa rullestolplassar inne og lydanlegg.
- **Namna minnelund.** Høre og Øye har begge fått anlagt godkjente namna minnelundar, der begge er tatt i bruk.
- **Muslimsk gravfelt.** Areal er sett av på Vang kyrkjegard, teknisk etat har vore med, og det muslimske gravferdsbyrået Al-Khidmat tilbyr hjelp med å finne riktig retning på gravene. Arbeidet vart ikkje ferdig i 2025.
- **Vernerunder.**

Iløpet av juni gjennomførte me vernerunde ved alle kyrkjene våre, med tilsette, verneombud, prest og soknerådsleiar til stade. Me kom ilag fram til ynskja malverk for kvart enkelt kyrkjerom, og det vart laga oversikter som heng inne i kvart enkelt sakristi, slik at dette blir enkelt å forhalde seg til for alle roller som er innom; både faste tilsette, kyrkjevertar/sokneråd, vikarar, reinhaldarar, leietakarar osv. Nokre av funna er allereie utbetra, og andre vil ta lenger tid, men dette vart eit godt utgangspunkt og ein nyttig oppstart.
- **Branntilsyn ved dei listeførte kyrkjene** vart gjennomført 18.september, inkludert gjennomgang av dokumentasjon og rutinebeskrivelser.
- **Termografering av samtlege kyrkjer** vart gjennomført iløpet av året.
- **Vedlikehald.** Grundig vedlikehaldsbefaring vart gjennomført i 2022, ved alle kyrkjer og bårehus saman med folk frå kommunen. Fellesrådet fatta deretter vedtak om ei prioriteringsrekkefølge.

Nokre av utbetringane gjennom året 2025 har vore;



# DEN NORSKE KYRKJA

## Vang kyrkjelege fellesråd

---

- **Revidering av tenesteytingsavtala med kommunen** er igangsatt, men dette arbeidet vart ikkje ferdigstilt i 2025.
- Me fekk definert ansvarsfordelinga mellom kyrkja og kommunen med omsyn til tilsyn på høgdebassenget i Øye som høyrer til kommunen, samt teknisk rom og resterende del av slukkeanlegget på sjølve stavkyrkja, som høyrer til kyrkja sitt ansvarsområde.
  
- **Kyrkjeverjas betraktningar:**
  - Alle kyrkjelege handlingar (bortsett frå ei gudsteneste grunna vakanse), trusopplæring og omvising har vorte gjennomført etter planen.
  - Me har og fått gjort unna dei vedlikehaldsjobbane og øvrige utbetringane - som har vore mogleg i henhold til både økonomi og kapasiteten på kyrkjekontoret.
  - Kyrkjekontoret ser fram til å bli meir robust i løpet av året som kjem, etter kvart som dei nytilsatte kjem betre inn i stillingane sine.
  - **Sommarvedlikehald ved kyrkjene og gravplassane:** Me har mykje å nå over når det gjeld plen og kantklypp i løpet av sommarsesongen. Me har eit ynskje om å få inn lokal ungdom på sommarjobbane, men dette har me dessverre ikkje klart dei siste sesongane. Arbeidet blir derfor utført etter beste evne, med dei ressursane me har til rådighet. Me håper å nå betre over dette dei komande sesongane.

Vang, 24.03.2026



For kyrkjeleg fellesråd

Leiar, Kristin Bakke Lajord



For kyrkjeleg fellesråd

Kyrkjeverje, Silje Hammerstad

Deltagerstatistikk for kyrkja i Vang - 2025

Kirkelige Handlinger										
Beskrivelse	Enhet	Høre sokn		Heensåsen sokn		Vang sokn		Øye sokn		Deltagere i alle sokn
		Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	
Gudstener i kyrkja*	stk	12	491	14	453	23	864	15	770	2 578
Åpen kirke	dager	0		0		2	13	4	95	108
Åpen kirke for pilgrimner	dager	2	29	2	30	0		4	75	134
Antall dåpsbarn	dåpsbarn	3		2		2		6		13
Antall konfirmanter	konfirmanter	4		3		3		3		13
Antall Vigslar	stk	0		1	22	1	180	1	65	267
Antall Gravferder	stk	2	90	2	210	5	450	0		750
<b>Sum antall deltagere</b>			<b>610</b>		<b>715</b>		<b>1 507</b>		<b>1 005</b>	<b>3 837</b>

\*Info vdr. deltagertallene for gudstener i kyrkja (1. linje)

**Høre sokn:** Deltagertall for gudstener i kyrkja inkluderer også deltagere på kvardagsmesse i Høre samfunnshus og stølsmesse på Sonstølen

**Heensåsen sokn:** Deltagertall for gudstener i kyrkja inkluderer også deltagere på palmesøndag gudstjeneste på Haukåsen og stølsmesse på Torstadstølen

**Vang sokn:** Deltagertall for gudstener i kyrkja inkluderer også deltagere på Morgonsong arrangert i Vang kyrkje ca. 1 gang i måneden, samt deltagere på stølsmesse på Helin og deltagere på gudstjeneste holdt av periuansk prest som lånte Vang kyrkje til gudstjeneste.

**Øye sokn:** Deltagertall for gudstener i kyrkja inkluderer også deltagere på feiring og gudstjeneste ifm. samefolkets dag på Tyinkrysset fjellstue, Langfredagsgudstjeneste i Børrelia og Kvardagsmesse i Kulturstøya i forbindelse med årsmøte.

Tilbud/aktivitet/arrangement for barn, unge, voksne og eldre										
Beskrivelse	Enhet	Høre sokn		Heensåsen sokn		Vang sokn		Øye sokn		Totalt antall deltagere i alle sokn
		Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	
Juletreff på Høre samfunnshus	stk	1	76							76
Leikebryllup for Høre Barnehage	stk	1	25							25
Leikedåp for Høre Barnehage	stk	1	16							16
Bingo i Høre samfunnshus	stk	2	87							87
Høstkonsert med Fjellblom Musikklag	stk			1	100					100
Babysong i Drengestøga	stk					5	62			62
Babysong & Generasjonstreff på Vangsheimen	stk					6	84			84
Julegrøt og Julegrantenning på Drengestøga	stk					1	50			50
Høgtlesing i Drengestøga	stk					6	36			36
Andakter på Vangsheimen	stk					6	138			138
Ekstern konsert: Jenny Jensen	stk					1	30			30
Lys-våken arrangement for barn	stk					1	6			6
Pynting av juletreet i Vang kyrkje - 5. klasse v/VBU	stk					1	18			18
Ekstern konsert: Jul med Valdres Mål og Meining	stk					1	185			185
Besøk av Fredheim barnehage i Vang kyrkje	stk					1	43			43
Ekstern konsert: Sivert Holmen "I Krøsshagens fotefar"	stk							2	58	58
Dugnad på kyrkjegardane	stk	1	20	1	30	1	15	1	10	75
Vi syng og spelar jula inn	stk	1	98	1	104	1	100			302
Høgtidsringing - Julaften & Nyttårsaften	stk	2	7	2	4	2	14	2	8	33
<b>Sum antall deltagere</b>			<b>329</b>		<b>238</b>		<b>781</b>		<b>76</b>	<b>1 424</b>

<b>Sum antall personer innom kyrkjens rom, kyrkjens kyrkjelege handlingar, kyrkjens aktivitetar, tilbud og arrangement ein eller fleire gongar i løpet av 2025</b>	<b>939</b>	<b>953</b>	<b>2 288</b>	<b>1 081</b>	<b>5 261</b>
--	------------	------------	--------------	--------------	--------------

Trusopplæring		
Beskrivelse	Totalt antall deltagere	Kommentar
Dåpsamtale og dåp	13	Totalt antall deltagere = antall dåpsbarn i Vang kommune i 2025.
Babysong i Drengestøga & Babysong/Generasjonstreff på Vangsheimen	146	Totalt antall deltagere = babyer og voksne/eldre som har deltatt på tiltaket
4-års bok	1	Totalt antall deltagere = 4-åringar som har deltatt på tiltaket, <i>øvrige deltagere på gudstjenesten i Heensåsen er talt opp under "gudstener i kyrkja"</i>
Julegraut og julegrantenning i Drengestøga	50	Totalt antall deltagere = Barn og voksne som har deltatt på tiltaket
6-års samling	6	Totalt antall deltagere = 6-åringar som har deltatt på tiltaket, <i>øvrige deltagere på gudstjenesten i Høre er talt opp under "gudstener i kyrkja"</i>
Tårnagent	6	Totalt antall deltagere = Antall 8-åringar som har deltatt på tiltaket, <i>øvrige deltagere på gudstjenesten i Øye er talt opp under "gudstener i kyrkja"</i>
Lys Våken - arrangement	6	Totalt antall deltagere = Antall 11-åringar som har deltatt på tiltaket.
Konfirmantarbeid	13	<i>Øvrige deltagere på gudstjenesten i Vang hvor Lys-våken gjengen deltok er talt opp under "gudstener i kyrkja"</i>
<b>Sum antall deltagere</b>	<b>241</b>	Totalt antall deltagere = antall konfirmanter som har fulgt konfirmasjonsundervisningen og sto til konfirmasjon våren 2025